

 MASFJORDEN KOMMUNE	Prosedyre/rutine <h1 style="text-align: center;">Handlingsplan for eit trygt og godt barnehagemiljø i barnehagane i Masfjorden kommune</h1> <p style="text-align: center;">Oppvekst/Tenestekvalitet prosedyrer/Trygt og godt barnehagemiljø</p>		
Dokument Id: 137 Versjon: 1 Status: Godkjent	Dokumentansvarlig: Inger Marie Wesetvik Duesund Forfatter: Styrarane i Masfjorden kommune sine barnehagar	Godkjent av: Inger Marie Wesetvik Duesund	Godkjent Dato: 05.09.2023

1. Føremål

Rutiner for korleis dei tilsette i barnehagane skal handle i saker der barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø

2. Gjeld for

Tilsette i barnehagane

3. Framgangsmåte

Handlingsplan for aktivitetsplikt

Barnehagelova kap. VIII Psykososialt barnehagemiljø (§§§ 41 – 43)

Alle som jobbar i barnehagen må følgje med på at barna har det bra. Dersom ein vaksen veit om, eller trur at eit barn blir krenka, plaga, eller på andre måter ikkje har det bra, skal ho eller han alltid:

- Gripe inn og stoppe krenkinga med ein gang.
- Seie ifrå til styrar i barnehagen.
- Undersøkje kva som har skjedd.
- Setje inn tiltak, og lage ein plan for å sørge for at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø.

1) Gripe inn og stoppe krenkinga med ein gong

Alle tilsette har ei plikt til å følgje med på korleis alle barna i barnehagen har det. Dei skal gripe inn dersom barn vert utsett for krenkingar. Dette kan til dømes være utestenging frå leik, plaging, vald eller diskriminering.

2) Sei ifrå til styrar i barnehagen

Dersom du oppdager at eit barn ikkje har det bra, må du melde frå til styrar i barnehagen. I alvorlige tilfeller må styrar melde frå til barnehageeigar. Kva som er eit alvorlig tilfelle, vil vere ei skjønnsmessig vurdering. Eksempel på alvorlege tilfelle er:

- Saker som er særskild valdelege
- Dersom fleire barn er involverte i krenking eller utestenging av eit barn
- Dersom krenkingane har gått føre seg over lang tid, utan at barnehagen har klart å løyse saka.

Korleis oppdage at eit barn ikkje har det bra?

- gjennom å snakke med barna (barnesamtalar)
- tilsette ser noko eller fangar opp noko i samtalar med andre barn
- foreldre som melder ifrå at det har skjedd noko i barnehagen
- barn som fortel om noko som har skjedd
- endringar i åferd hos barn eller i barnehagegruppa

Det er viktig å hugse på at alle barn er ulike. Nokre barn blir stille og trekkjer seg tilbake i leiken, medan andre gir tydeleg beskjed når ting blir vanskelege.

3) Undersøkje hva som har skjedd

Plikta til å undersøkje betyr at barnehagen skal undersøke **barnet si oppleveling**. Barnehagen treng ikkje å bevise at eit barn har blitt krenka eller ikkje har det bra. Barnehagen skal finne ut hva som er årsaka til at eit barn ikkje har det bra.

Undersøkinga er utgangspunktet for å setje inn dei riktige tiltaka, for at barnet skal få eit trygt og godt barnehagemiljø. Om undersøkinga avdekkar at dette var ei eingangshending, at barnet har eit trygt og godt barnehagemiljø, skal det ikkje lagast tiltaksplan.

Vær oppmerksom på at dokumentet kan være endret etter utskrift.

Prosedyre/rutine Handlingsplan for eit trygt og godt barnehagemiljø i barnehagane i Masfjorden kommune	Dokumentansvarlig: Inger Marie Wesetvik Duesund	Utskriftsdato: 09.11.2023
Dokument Id: 137 - Versjon: 1	Godkjent av: Inger Marie Wesetvik Duesund	Side 1 Av 7

4. Setje inn tiltak, og lage ein plan for å sørge for at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø.

Med utgangspunkt i undersøkinga lagar styrar eit framlegg til skriftleg tiltaksplan for å sikre at barnet får en trygg barnehageverdag. I planen skal det stå:

- kva problem som skal løysast
- kva barnehagen har planlagt
- når tiltaka skal gjennomførast
- kven som skal gjennomføre tiltaka
- når tiltaka skal evaluerast

Det kan også vere lurt å ha med ei oppsummering av samtaler med barnet og foreldre. I tillegg bør barnehagen inkludere barnehagen si eigen vurdering av saka.

Det vil variere fra sak til sak kor mykje som skal dokumenterast.

Barnet planen gjeld for og føresette, skal ha høve til å gje tilbakemeldingar på tiltaksplanen før han vert sett i verk. Tett dialog er viktig.

5. Gjennomføring, rullering og avslutting

Evaluering

- a. Etter oppsett plan
- b. Innhente status frå partane med eventuelle framlegg til endringar i tiltak eller nye tiltak

Vidareføring

- a. Framlegg til justerte tiltak og nye tiltak
- b. Presentere justert framlegg for partane
- c. Vidareføre arbeidet
- d. Punkta om evaluering og vidareføring kan gjennomførast i fleire omganger

Avslutting

a) Tiltaksplanen kan avsluttast når barnet opplever at barnehagemiljøet er trygt og godt.

Styrar må føre logg over handlingar i denne prosessen med korte oppsummeringar av synspunkt og konklusjonar partane hadde. Loggen skal lagrast.

Masfjorden 02.02.2021

For alle tre barnehagane i Masfjorden:

Inger Marie Duesund
Styrar Nordbygda bhg

Åshild Skuggedal
Styrar, Sandnes bhg

Maja Aven Dahle
Styrar, Indre Masfjorden bhg

Handlingsplan for eit trygt og godt barnehagemiljø for barnehagane i Masfjorden kommune

Lov om barnehagar Kap. VIII

Vær oppmerksom på at dokumentet kan være endret etter utskrift.

Prosedyre/rutine Handlingsplan for eit trygt og godt barnehagemiljø i barnehagane i Masfjorden kommune	Utskriftsdato: 09.11.2023
Dokumentansvarlig: Inger Marie Wesetvik Duesund	Godkjent av: Inger Marie Wesetvik Duesund

Side 2 Av 7

Psykososialt barnehagemiljø

§ 41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid

§ 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

§ 43 Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn

Kva er eit trygt og godt barnehagemiljø for alle barn?

Barnehagelova kap. VIII - § 41 seier følgjande: «Barnehagen skal ikkje godta krenkingar som for eksempel utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakkassering. Alle som arbeider i barnehagen skal gripe inn når eit barn i barnehagen vert utsett for slike krenkingar. Barnehagen skal førebyggje tilfelle kor barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen, leiken og læring til barna.»

Kva er krenking?

Krenkingar er eit samleomgrep for ord eller handlingar som vert opplevd negativt. Omgrepet omfattar alt frå enkeltståande ytringar eller handlingar, til gjentatte episoder. Krenkingar kan vere direkte ord og handlingar, men også baksnakking, utfrysing, ryktespreiing eller andre handlingar som gjer at barn opplever uthygget, ubehag eller ikkje kjenner seg inkludert i fellesskapet. Det kan vere både barn og vaksne som krenker (Udir).

Kva gjør vi for å sikre eit godt barnehagemiljø?

Styrar må sikre at personalet har ei felles forståing av omgropa som vert brukt.

For å sikre eit godt og trygt barnehagemiljø, gjør vi følgjande:

1. **Følgjer med**
2. **Grip inn og stoppar krenkinga med ein gang.**
3. **Varslar - seier ifrå til styrar i barnehagen.**
4. **Undersøker kva som har skjedd.**
5. **Set inn tiltak i ein tiltaksplan som vert evaluert.**

Vi jobbar førebyggande kontinuerleg gjennom barnehageåret

Slik følgjer vi med

For å avdekke om barna ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, må personalet vere der barna er, observere det som skjer og lytte etter det som blir sagt. I barnehagekvardagen må personalet vere særskild merksame i uteleiken. Når barna er ute kan det vere vanskeleg for personalet å oppdage kva som skjer, fordi barna er fordelt over et stort område og det er lettare for dei å «stikke seg vekk» - ute av synet for personalet.

I rollelek er det viktig å vere merksame på kva roller som blir tildelt, og om barna veksler på å bestemme retning og innhald i leiken. Når barn konsekvent blir tildelt rollar med lågast status, som t.d. hund, baby eller stålampie, kan dette vere et teikn på at dei ikkje blir inkludert og betrakta som verdifulle av dei andre barna i leiken.

Personalet må også vere «særleg merksame på barn som trekkjer seg tilbake, er triste eller frustrerte/opprørte eller som ikkje ønskjer å delta i aktivitetar, barn som har problem med å finne seg vener eller å få innpass i sosiale aktivitetar, og barn som vert ekskludert frå sosiale grupperingar eller som vert utsett for negative handlingar fra andre barn» (Cosmovici Idsøe & Roland 2017).

For å få eit godt bilet av korleis barna har det og om alle har vener, kan det være nyttig å bruke ulike observasjonsverktøy. Døme på ulike typer verktøy vi brukar i barnehagen:

Barnesamtaler kan gjennomførast med de eldste barna i barnehagen, ein til to gangar i året, for å få betre forståing for korleis barna trivst og opplever barnehagekvardagen.

Løpende protokoll kan vere nyttig når vi ønskjer å observere eitt bestemt utviklingsområde; t.d. korleis barnet prøver å få og oppretthalde kontakt med andre barn.

Loggbok kan brukast ved at vi skriv ned det viktigaste som skjer i løpet av ein gitt periode. Det kan vere ulike situasjonar, aktivitetar o.l. der vi ønskjer å få meir informasjon om ulike barn/barnrelasjoner eller barn/voksen-relasjoner.

Vær oppmerksom på at dokumentet kan være endret etter utskrift.

Prosedyre/rutine Handlingsplan for eit trygt og godt barnehagemiljø i barnehagane i Masfjorden kommune	Utskriftsdato: 09.11.2023
Dokumentansvarlig: Inger Marie Wesetvik Duesund	Godkjent av: Inger Marie Wesetvik Duesund

Aktivitetsskjema kan vere nyttig dersom vi ønsker å undersøkje kva aktivitetar barna vel i f.eks. frilek. Dette kan danne grunnlag for forståing for kvifor nokre barn føretrekker kvarandre, medan andre strevar med å få innpass.

Sosiogram kan undersøkje forhold mellom fleire personer i ei gruppe. Ved å bruke denne metoden over tid kan det gi oss eit bilet på kven som går saman med kven, og kven som ofte blir ståande utanfor.

Barnehagen har også andre kartleggingsskjema som kan nyttast i dette arbeidet, td «Alle med».

Endringer i barns åtferd kan vere eit teikn på at barnet ikkje har det bra. Når heim og barnehage har eit tett samarbeid og ein god dialog, vil det vere lettare å fange opp endringar hos barnet tidleg.

Endra åtferd kan vere:

- Vil ikkje gå i barnehagen.
- Byrjar å tisse på seg att, etter å ha vore tørr.
- Endra ete- og sovevaner.
- Blir engstelag og redd.
- Blir oppfarande og fort sint.
- Får dårleg sjølvbilete/sjølvtillit.
- Nektar å fortelje kva som er gale.
- Plagar yngre barn eller søsknen.
- Blir klengete og søker meir vaksenkontakt enn før.
- Blir veldig stille og «usynleg».
- Blir meir sårbart, og tar til tårene oftare enn det plar.

Slik grip vi inn og stoppar krenkinga med ein gang

Personalet skal gripe inn umiddelbart for å stoppe situasjoner som pågår, t.d.:

- Stoppe barn som dytter, slår, sparkar etc.
- Stoppe og irettesette barn som snakkar krenkande til andre barn, t.d. fornærmingar, trugslar, erting, kallenamn.
- Stoppe utestenging/ekskludering ved t.d. å gå aktivt inn i leik/støtte barna i leik og aktivitetar.

Personalet må:

- Samtale med barna om korleis det kjennes for dei sjølv og andre.
- Ta opp ulike temaer som omhandlar korleis vi er mot kvarandre, t.d. i samtalar, samlingar, dramatiseringar og forteljingar.
- Hjelpe barna til å finne handlingsalternativ gjennom undring og opne spørsmål. Personalet har eit felles ansvar for å samarbeide om å sikre at ingen barn blir krenka av tilsette sine ord eller handlingar. Alle tilsette har eit ansvar for å seie ifrå til kvarandre, på ein respektfull og sakleg måte, dersom ein reagerer på deira haldningar og handlingar.

Slik melder vi i frå

Dersom ein tilsett avdekker at eit barn ikkje har et trygt og godt barnehagemiljø, skal denne melde i frå til styrer umiddelbart. Dersom ein tilsett blir merksam på at ein anna tilsett i barnehagen utset eit barn for krenking, skal vedkommende straks varsle styrar/eigar. Styrar er alltid ansvarleg for handsaming av saka.

4. Slik undersøker vi (Styrar sitt ansvar i samarbeid med pedagogisk leiar)

Det er barnet si oppleveling som skal anerkjennast og leggjast til grunn. Det er viktig å lytte til det barna fortel og signaliserer, og å lytte til foreldra dersom barnet har fortalt om episodar til dei eller på ein annan måte signalisert at det er noko som ikkje er greitt i barnehagen.

Undersøkingar, for å finne ut kva som faktisk har skjedd, skal setjast i gong snarast mogeleg.

5. Slik set vi inn tiltak (Styrar sitt ansvar i samarbeid med pedagogisk leiar)

Når undersøkingar viser at eit barn ikkje har eit godt og trygt barnehagemiljø, skal barnehagen setje inn tiltak. Tiltaka skal veljast på grunnlag av ein konkret og fagleg vurdering.

Barnehagen skal lage ein skriftlig plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå:

Kva utfordring skal tiltaka	
-----------------------------	--

Vær oppmerksom på at dokumentet kan være endret etter utskrift.

Iøyse?	
Kva <i>tiltak</i> har barnehagen planlagt?	
<i>Kor tid</i> skal tiltaka gjennomførast?	(Tidsperiode, særskilde situasjoner)
<i>Kven</i> skal gjennomføre tiltaka?	
Når skal tiltaka <i>evaluerast</i> ?	
Oppsummering av samtalar med barnet og foreldra: Dato: Tilstades på møtet:	
Barnehagens eigen vurdering av saka: Dato:	

Sjå eigne rutinar for aktivitetsplikt.

Førebygging - slik jobbar vi med å skape eit godt og trygt barnehagemiljø

Den aller viktigaste innsatsen for å motverke krenkande åtferd, er det generelle arbeidet personalet gjer med å skape et godt og trygt barnehagemiljø. Eit miljø der dei vaksne er tilgjengelege og aktive saman med barna, og der personalet ser, høyrer og involverer seg.

Krenkande åtferd kan førebyggast ved at kompetente vaksne legg til rette for utvikling av gode sosiale ferdigheter, og skaper eit akseptérande og inkluderande miljø med eit godt og ope samarbeid med dei føresette. Barnehagen må ha ei tydeleg haldning til at krenkande åtferd ikkje er akseptabel åtferd. Negativ åtferd må stoppast og avlærast, og det er dei vaksne sitt ansvar at det blir gjort, både dei tilsette i barnehagen og barna sine føresette.

«Et trygt barn med et godt selvbilde har ikke behov for å hevde seg og danne en egen tilhengerflokk. Et selvtrygt barn er heller ikke et lett offer. De står sterkere imot hvis noen plager dem, og klarer å sette grenser» (Tanja Wibe-Lund 2015). Å arbeide for at alle barn skal ha eit godt og trygt sjølvbilete – ei god sjølvkjensle, er difor ei viktig oppgåve for barnehagen i samarbeid med barna sine føresette. Eit godt og trygt sjølvbilete betyr at barn er trygge på at dei er verdifulle som den dei er, og at dei er gode nok, uansett. For å sikre dette er det nødvendig med vaksne som stadfester og anerkjenner barnet. Alle barn skal kjenne at det er vaksne i barnehagen som liker dei.

Slik jobbar vi førebyggande

MÅL :	TILTAK :
Personalet skal bli medvitne sitt ansvar om å førebyggi og slå ned på krenking av barn.	Auke kunnskapen om førebygging og handtering av krenking av barn i barnehagen blant personalet. Vere aktive og få barna til å reflektere over eigne og andre sine kjensler. I personalet drøfte/reflektere over dei spørsmåla som står under vaksenrolla og barna i mellom her.
Skape eit miljø der barn og vaksne skal bli møtt med varme, anerkjening og oppmuntring, få oppleve seg sjølv som verdifulle, og få styrkja sjølvtillit og sjølvbilete sitt.	Lov om barnehager Kap VIII § 41- 43. Vi brukar DUÅ (De Utrolige Årene) sine prinsipp som utgangspunkt for arbeidet med relasjonsbygging og sosial kompetanse for å styrke barna sine sterke sider, og gi dei meistringsopplevingar. Slik kan dei betre klare å takle ulike livskriser/belastninger i livet. Dette er noko vi legg vekt på i kvardagsaktivitetane våre, i foreldresamarbeid og gjennom tverretatleg samarbeid.
Samarbeider med foreldre angåande krenking av barn	Ta kontakt på eit tidleg tidspunkt og diskutere tiltak
Alle borna skal ha vener og	DUÅ

Vær oppmerksom på at dokumentet kan være endret etter utskrift.

nokon å leike med. Alle skal oppleve glede ved å vere i barnehagen.	Boka «Gleding» av Siri Abrahamsen Boka «Mattias er alene» Barnebøker om tema «Vennskap» Plakatane i Steg for Steg Psykologisk førstehjelp «Grøne tankar, glade barn»
Respekt for kvarandre, for den vi er.	Anerkjenning og støttende relasjonar er grunnlag for utvikling av sosial kompetanse. Sosial kompetanse handlar om å meistre samspel og kunne omgå andre. Å utvikle sosial kompetanse vil i praksis seie å lære sosiale ferdigheiter. DUÅ sine prinsipp og metodar vert brukt i dette arbeidet.
Evaluering	Observasjon Evaluering på personalmøter, avdelingsmøter og planleggingsdagar

Spørsmål til drøfting i personalet kvart år:

Vaksenrolla:

- Er vi anerkjennande og støttande ovanfor barna sine eigne initiativ, eller meir opptekne av å gje beskjedar, formidle eigne tankar og å kontrollere at barna følgjer reglar som er bestemt?
- Ser vi alle barna? Er det nokon som alltid blir sett og høyrte, medan andre gjerne lett blir oversett?
- Er det slik at nokre barn oftare får positiv merksemd enn andre?
- Er det lettare å tru på einskilde barn si forklaring i høve til konflikter og hendings-forløp enn andre?
- Er dei vaksne saman med alle barna, eller er det einskilde barn som skil seg ut og dei vaksne snakkar meir med enn andre?
- Har du (vi) større tolmod med einskilde barn i høve til andre?
- Er dei vaksne medvitne på forskjellen på humor og ironi?

Barna i mellom:

- Er miljøet prega av gjensidig omsorg, anerkjenning og varme, eller er det prega av erting og kritiske kommentarar til, og om kvarandre?
- Er miljøet inkluderande eller ekskluderande?
- Er samspelet mellom barna prega av sosiale hierarki, eller av likeverd og veksling av kven som bestemmer og kven som til ei kvar tid får vere med?
- Er det ei trygg og avslappa tone prega av humor, spontanitet, oppmuntring og glede over kvarandre si meistring, eller er miljøet prega av prestasjonskrav og konkurrerande haldning til kvarandre?

Vi brukar DUÅ sin utviklingsplan når vi jobbar med åtferd og situasjonar som er utfordrande:

Avdeling:

Dato:

Utfordrande åtferd	
Situasjon	
Negativ åtferd i gruppa	
Kvar skjer det?	
Kvifor skjer dette?	
Ynskt åtferd	
Proaktive strategiar	

Vær oppmerksom på at dokumentet kan være endret etter utskrift.

Reaksjonstrapp	Trinn 1: Trinn 2: Trinn 3:	
Evaluering av utviklingsplanen Dato for evaluering:		

Pedagogisk leiar

Masfjorden 02.02.2021

Inger Marie Duesund

Åshild
Skuggedal

Maja Aven Dahle

Styrar, Nordbygda bhg

Styrar, Sandnes bhg

Styrar, IndreMasfjorden
bhg

Vær oppmerksom på at dokumentet kan være endret etter utskrift.

Prosedyre/rutine Handlingsplan for eit trygt og godt barnehagemiljø i barnehagane i Masfjorden kommune

Utskriftsdato: 09.11.2023

Dokumentansvarlig: Inger Marie Wesetvik Duesund

Godkjent av: Inger Marie Wesetvik Duesund

Dokument Id: 137 - Versjon: 1

Side 7 Av 7